



Referat frå kommunemøte torsdag 08. april 2021

Tema: Koronaberedskap

Deltakarar: Statsforvaltaren, kommunane, helseføretaka, fylkeskommunen, Sivilforsvaret og KS

Ikkje til stades: Samnanger kommune og Voss herad

Møteleiar: Haavard Stensvand

Innhald

1. Informasjon.....	2
2. Geografisk differensiering i den søknadsbaserte ordninga for unntak frå innreiserestriksjonar.....	2
3. Kommunikasjon med innvandrargrupper.....	3
4. Orientering om smittesituasjonen i Kvam herad ved rådmann Anita Hesthamar.....	3
5. Epidemiologisk rapport.....	4
6. Oppsummering frå FHI: Tilgang til vaksinasjon for grupper som er vanskelege å nå.....	5
7. Utfordringar i høve streik.....	5
8. Jamleg testing.....	6
9. Nytt verktøy for risikovurdering av vaksinasjonsprosessen.....	6
10. BIVAK-mledingar.....	6
11. Tilskotsordninga for næringsdrivande fastlegar ved sjukefråvær knytt til koronaviruset.....	7
12. Utdanning.....	7
13. Fast avløysar som fylkesberedskapsjef.....	8



1. Informasjon

Forventningar til rapportering på raude dagar

Vi har fått spørsmål om kva forventningar vi har for innsending av den faste vekerapporteringa på raude dagar. I mai vil dette konkret gjelde 17. og 24. mai som begge er måndagar. I slike tilfelle ber vi om at de mot slutten av veka før, fyller ut rapporteringsskjema som gjeld for veka som omfattar dei aktuelle dagane. Det vil gi oss mest mogleg oppdatert informasjon når vi skal sende inn i den faste vekerapporten til nasjonale styresmakter (rapporteringsskjema er opent frå tysdag veka før til fristen for rapportering på måndag).

Behovet for rapportering vert vurdert fortløpende. Den faste vekerapporteringa er ein del av ei nasjonal rapporteringsløysing. Den gir oss informasjon om stoda i fylket, og nasjonale styresmakter får eit oversyn over situasjonen i heile landet sett under eitt. Eventuelle endringar av rapporteringsregimet må såleis skje på nasjonalt hald. Vi deltek i den fortløpende nasjonale diskusjonen om rapporteringsbehov. Vi har gjennom heile pandemien har hatt særleg merksemd på å ikkje belaste kommunane med for mykje rapportering. Samstundes er det forventa at vi til ei kvar tid skal kunne setje saman eit samla og relevant situasjonsbilde frå fylket.

Vi er i dialog med direktorata og departementa, men kan vi ikkje love ei stor nedtrapping når det gjeld rapportering.

Ny møteserie for kommunemøta

Av praktiske årsaker vil vi sende ut ny innkalling (møteserie) for dette møtet. Innkallinga vil gå til kommunedirektør/rådmenn, ordførarar, kommuneoverlege/smittevernlege, beredskapskontakt og dei eksterne aktørane. Vi sender òg til dei e-postadresser som er registrert i møteserien etter vidaresending internt i kommunane, men med eit etterhald om at det kan vere fleire enn vi kan sjå hjå oss. Forsikre dykk difor gjerne om at eventuelt andre hjå dykk som pleier delta òg har fått ny serie.

Vi kjem til å avslutte den gjeldande serien ved å endre slutt dato til i dag, dette vil òg gjere at vi alle får behalde historikk i kalendrar. De må då "godta" oppdatering av serien som blir avslutta.

Summert opp: vi oppmodar om at de **godtek både** den gamle og nye møteserien.

2. Geografisk differensiering i den søknadsbaserte ordninga for unntak frå innreiserestriksjonar

Vi har tidlegare informert om den søknadsbaserte ordninga for unntak frå innreiserestriksjonar for arbeidsreisande som driftast av Sjøfartsdirektoratet på vegne av Nærings- og fiskeridepartementet (NFD).

For meir informasjon om ordninga sjå her: <https://www.sdir.no/aktuelt/korona/soknad-om-unntak-fra-innreiserestriksjoner/>

Søknadar om unntak frå innreiserestriksjonane vil ikkje verte behandla når den aktuelle arbeidsstaden er i ein kommune som er underlagt forsterka smitteverntiltak. Det gjeld både tiltak etter kapittel 5A, 5B eller 5C i covid-19-forskrifta, og lokale forskrifter med tilsvarande



Statsforvaltaren i Vestland

smitteverntiltak. Dette går fram av § 2 sjette ledd i forskrifta om unntak. Dette kan skape særlege problem for næringslivet i kommunar som har slike strenge tiltak. Ordninga har ikkje tredd i kraft.

Forskrift om ordning for unntak for innreiserestriksjonar kan de lese

her: <https://www.sdir.no/aktuelt/korona/soknad-om-unntak-fra-innreiserestriksjoner/>

FHI vil kvar veke utarbeide ei liste over kommunar om vert omfatta av behandlingsunntaket. Det er opna for at kommunane på denne lista likevel kan varsle om at det er smittevernlagt forsvareleg å ta i mot utanlandsk arbeidskraft. Kommunen kan i så fall takast av lista for ein gitt periode. For at det skal skje må det mellom anna grunngjenvæst med at kommunen ser på det som forsvarleg, m.a. med omsyn til TISK-arbeidet.

Lista frå FHI vil tentativt bli oversendt til Statsforvaltarane kl. 12.00 kvar måndag, med frist for tilbakemelding innan kl. 16.00 same dag. Vi vil varsle kommunane som står på lista, og med kort tidsfrist vil vi be om tilbakemelding om kommunen ønskjer å bli teke av lista, og kva som i så fall kan grunngi det. Tentativ frist her vil vere kl. 15.00, men vil bli presisert i e-post ved oversending.

Vi vil legge ved brevet frå NFD ved referatet kor ordninga er nærmare omtalt.

3. Kommunikasjon med innvandrargrupper

Vi har tidlegare snakka om tema kommunikasjon med innvandrargrupper. Vi skal difor ikkje gå nærmare inn på dette no, men legg ved lenke til to rettleiarar knytt til dette frå Integrerings- og mangfalldirektoratet.

Bruk av lokale ressurspersonar med innvandrarbakgrunn i informasjonsarbeidet under koronapandemien: <https://www.imdi.no/om-imdi/veileder-for-kommuner-ved-bruk-av-lokale-ressurspersoner-med-innvanderbakgrunn-i-informasjonsarbeidet-under-koronapandemien/>

Bruk av tolk i informasjonsarbeidet under koronapandemien:

<https://www.imdi.no/om-imdi/bruk-av-tolk-i-informasjonsarbeidet-under-koronapandemien/>

4. Orientering om smittesituasjonen i Kvam herad ved rådmann Anita Hesthamar

Det har vore smitteutbrot i Kvam herad denne påska. Utbrotet er lokalisert i Norheimsund og Øystese. Kommunen har elles hatt tre utbrot tidlegare.

I det pågående smitteutbrotet er det registrert 42 personar med smitte. Ein har ikkje funne smittevegen inn i kommunen. I den siste veka har talet på smitta blitt dobla. Det er stadfestat at kommunen har den britiske virusvarianten. Ingen av dei smitta er vaksinerte.

Arbeidet med sporing av smitten har vore utfordrande. Utfordringar har vore atypiske symptom og manglande symptom. Det har vore unge og unge vaksne som er smitta, men òg nokon eldre. Smitten har blitt spreidd til familiær, venar og til arbeidsplass. Det er registrert smitte på kortidsavdelingar, på bufellesskap, i barnehagar og på skule.

Kommunen har elles hatt nokre utfordringar knytt til språk og kultur. Påske og nasjonale tiltak kan elles ha ført til at symptom ikkje har blitt fanga opp. Dei har ikkje inntrykk av at smitten er knytt til hyttefolket.



Kommunen har utvida teamet for sporing av smitten. Det har vore opp til cirka 300 nærekontaktar. Dei har måtte utvida smittesporing langt tilbake i tid (til den 23.03.21). Kvam har òg utvida ventekarantene til etter 2. negative test, og har med dette fanga opp minst 2 tilfelle. Dei har òg starta pilottesting på vidaregåande skule. Kommunen har eige forskrift som inneber raudt nivå på skular og barnehagar.

Vi legg ved presentasjon frå Kvam til referatet

Kommentar frå kommuneoverlege Dag Erlend Skjelbreid – alle som er smitta har samanheng med kvarande. Dei er elles blitt merksame på indikasjonar på kontaktflatesmitte i kommunen.

Kommentar frå Ullensvang kommune om deira sporing av smitte – I starten var det utbrot i innvandrarmiljø. Det ser ut til å ha vore skam knytt til å vere den som har ført smitten inn i kommunen. Kommunen har brukt personar med ulik språkbakgrunn som verktøy i arbeidet med å spore smitte.

5. Epidemiologisk rapport

Sjølv om ca. 9000 færre testa seg i fylket i påskeveka, vart det registrert fleire smitta, slik at del positive prøver auka. Utbrota på Askøy, Stord og i Stad har vore under kontroll, mens det er nye utbrot i Kvam, Ullensvang, Øygarden og Kvinnherad. Bergen ligg jamt på kring 30 positive dagleg. Det er knytt stor spenning til utviklinga etter påske, og kva som skjer neste veke med omsyn til ny vurdering av nasjonale tiltak. TISK er framleis det viktigaste verktøyet vi har for å slå ned utbrota, men vi håpar at òg høgare vaksinasjonsdekning etter kvart vil hjelpe.


Full rapport kan de lese her: <https://www.fhi.no/publ/2020/koronavirus-ukerapporter/>

Vestland

	Uke 09	Uke 10	Uke 11	Uke 12	Uke 13
Antall tilfeller per uke	143	155	281	267	294
Antall tilfeller per 100 000 per 14 dager	36,6	46,6	68,3	85,8	87,8
Antall personer testet per 1 000 per uke	19,1	27,5	28,3	36,8	22,9
Andel positive blant de testede per uke	1,2%	0,9%	1,6%	1,1%	2,0%
Andel kommuner med insidens over 50 per 100 000 og flere enn 10 tilfeller per 14 dager	3/43	5/43	4/43	7/43	7/43



Statsforvaltaren i Vestland



Folkehelseinstituttet, 2021-04-07

Det siste ukene har det vært en økning i antall meldte tilfeller i Vestland fylke, bortsett fra en svak nedgang i uke 12. Til tross for lavere testaktivitet i uke 13 fortsatte ikke nedgangen i positive tilfeller, og andelen positive prøver var høyere enn i uke 13 sammenlignet med uke 12. I tillegg til flere pågående utbrudd i ulike miljø i Bergen, har det også vært flere utbrudd i ulike kommuner som har preget smittesituasjonen i fylket den siste uken, deriblant utbrudd i Ullensvang, Kvam, Øygarden og Askøy.

Detaljert oversikt kan finnes i Sykdomspulsen (<https://spuls.fhi.no>)

6. Oppsummering fra FHI: Tilgang til vaksinasjon for grupper som er vanskelege å nå

Vi har motteke ferdig rapport frå FHI om kartlegging av kommunane sine erfaringar med å gje eit likeverdig tilbod om vaksine til heile befolkninga, inkludert grupper som er vanskelege å nå.

FHI skriv at det viktigaste er at kommunane er bevisste ansvaret for eit likeverdig tilbod, og at dei tilpassar tiltak og informasjon ut i frå sin eigenart med omsyn til demografi. Det er allereie utvikla mykje informasjon nasjonalt, og kommunane kan også ta kontakt med FHI for råd eller hjelp til å leggje til rette informasjon.

FHI tilrår at kommunane nyttar fleire former for innkalling og informasjon, for å sikre at ein når heile befolkninga. Mange kommunar melder at dei i aukande grad vil gå over til digitale løysingar når det kjem auka vaksineleveransar. Det er viktig at kommunane samstundes er bevisste på at det kan vere krevjande for einskilde grupper. Eigne løysingar for mindre, sårbare grupper bør vurderast i den einskilde kommune. Vi sender ut rapporten med referatet.

7. Utfordringar i høve streik

I e-posten vi sende ut i går om levering av Comirnaty for veke 15, kunne de lese om mogleg streik i transportsektoren frå og med søndag 11. april. Dette kan påverke vaksineleveringa med forseinkingar og eventuelt manglende leveringar. FHI vil saman med distributør halde oss informerte ved eventuelle avvik frå ruteplanane slik dei er satt opp no. Vi var i kontakt med FHI i dag som fortalte at det ikkje er World Courier/Jet Pack som er utfordringa, men ferjer som kan bli innstilte. World Courier har kartlagt rutene og FHI trur alle kommunane får leveransar, men at det kan bli endringar i tidspunkt ved endra køyrerute. Vi følgjer situasjonen og held dykk informert om endringar.



8. Jamleg testing

Piloten for jamleg hurtigtesting av elevar i vidaregåande skule tel no 24 skular og interessa er stor hjå enda fleire skular. Oppslutninga kring testing blant elever og tilsette har vore over all forventning, og det har òg vore mykje positiv merksemd frå sentrale helsestyresmakter og media kring prosjektet den siste tida. FHI har òg lagt inn et kapittel om jamleg testing på sine sider (<https://www.fhi.no/nettpub/coronavirus/testing-og-oppfolging-av-smittede/jevnlig-testing/>).

Vi trur det er bra at skulane får øvd seg i massetesting i ein stabil fase, då det vil vere utfordrande å gå i gang med dette i ein smittesituasjon der skulane allereie balanserer mellom raudt og stenging. Utbrot eskalerer raskt. Tid er smitte.

Vi er blitt kjende med at informasjonen og kommunikasjonen med kommunane kring deltaking for nye skular i prosjektet, diverre ikkje har vore optimal. Piloten har på kort tid blitt mykje større enn venta, og informasjonsarbeidet har ikkje halde tritt med utviklinga av prosjektet. Dette er noko prosjektet vil ha fokus på å betre framover.

Piloten inneber sjølvtesting under rettleiing på skulane. I første rekke skal ein sjå på om kommunane kan bidra med rettleiinga. Viss ikke kommunen har høve, kan det vere aktuelt å bruke eksterne ressursar, men dette må diskuterast med fylkeskommunen som er prosjektleiar.

I møtet blei det stilt spørsmål om det blir rådd i frå å ha massetesting på skulane ved lavt lågt lokalt smittetal.

Svar: I Vestland har vi no eit tidsavgrensa pilotprosjekt. Dei faglege anbefalingane frå FHI ligg framleis til grunn for vidare bruk. Det er eit prøveprosjekt med omsyn til å teste ut metodikken og logistikken kring testing og den praktiske gjennomføringa i dei ulike ledda. Det har vore ein vellukka pilot så langt, men det endrar ikkje anbefalingane frå FHI når det gjeld testing. Vi viser til sida hos FHI om jamleg testing som lenka til over for meir informasjon.

9. Nytt verktøy for risikovurdering av vaksinasjonsprosessen

Før påske fekk FHI og Hdir hjelp av nokon av dykk til å kome med innspel til eit nytt verktøy for risikovurdering, som del av kommunane si undervegsevaluering av pasienttryggleiken i koronavaksinasjonsprogrammet.

Verktøyet er tilgjengeleg som eit nytt kapittel i kommunedelen av vaksinasjonsprogrammet på heimesida til FHI, og er meint som eit tilbod til kommunane:

<https://www.fhi.no/nettpub/koronavaksinasjonsveilederen-for-kommuner-og-helseforetak/koronavaksinasjon-i-kommunene/rad-til-underveisevaluering-av-pasientsikkerheten-i-koronavaksinasjonsprogr/?term=&h=1>

10. BIVAK-meldingar

BIVAK-registeret melder at dei mottek betydeleg færre meldingar om biverknader etter at AZ vart satt på pause. FHI vil kome med meir informasjon om kva som skjer med AZ neste veke. BIVAK informerer om at viss nokon er fullvaksinert, men likevel får gjenombrotsinfeksjon med symptom, skal dette meldast som ein alvorleg biverknad til BIVAK. Grunnen er at dei vil undersøke om det kan vere vaksinesvikt, feil i batch etc. Viss de er i tvil, ta kontakt med BIVAK.



11. Tilskotsordninga for næringsdrivande fastlegar ved sjukefråvær knytt til koronaviruset

Kommunane vil bli kompensert for meirutgifter knytt til å gje fastlegar, som ikkje har forsikring for sjukefråvær i arbeidsgjavarperioden, ein praksiskompensasjon på 9 752 kroner per fråværsdag ved sjukefråvær knytt til koronaviruset. Statsforvaltaren forvaltar tilskotet på vegner av Hdir. Dette er ei refusjonsordning utan krav til rekneskapsrapportering. Meir informasjon om dette ligg på heimesida: <https://www.statsforvalteren.no/vestland/tilskot/2021/06/kompensasjon-til-naringsdrivande-fastlegar-ved-sjukefravar-knytt-til-koronaviruset/>

12. Utdanning

Nye smittevernrettleiarar for barnehage og skule – endringar frå tidlegare utgåver

Det er no kome ei femte oppdatering. Kva som er endra er lagt ut på Utdanningsdirektoratet sine nettsider: <https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/sikkerhet-og-beredskap/informasjon-om-koronaviruset/smittevernveileder/>.

Rettleiarane er forholdsvis ordrike, men vi meiner dei difor svarar ut dei spørsmåla som fram til no kanskje har vore uklåre. Ettersom rettleiarane var varsle tidleg, og at dei låg føre i god tid før verknadsdato, vil vi tru dei er godt kjende i kommunane og i den einskilde barnehage og skule. Vi veit at det fram til no har vore om lag ½ mill. sidetreff på Udir sine lenkjer.

Mellom anna er det oppdateringar knytt til bruk av munnbind for elevar og for tilsette. For elevar i ungdomsskulen og i vidaregåande opplæring er bruk av munnbind frivillig.. For elevar på barnetrinnet er det ikkje tilrådd å bruke munnbind.

For skuleskyss gjeld nasjonale eller lokale retningsliner for kollektivtransport. Vi meiner dette, med den informasjonen som går fram av nye smitterettleiarar, svarar ut spørsmåla frå Alver kommune om munnbind. (Alver har stilt spørsmål om det er gitt særskilte tilrådingar for Vestland, eventuelt for Bergensregionen. Det kjenner ikkje vi hos Statsforvaltaren til, anna enn at vi trur at rettleiarane er følgde.)

Stengingsvedtak

Departement er uroa over omfanget av elevar som no berre får digital opplæring. Dette gjeld nasjonalt. Vi er usikre på om Statsforvaltaren har full oversikt over kor mange skular som berre har digital undervisning i vårt fylke.

Det kunnskapsgrunnlaget FHI no står seg til viser at stenging av skular/heildigital opplæring for å hindre smitte ikkje har ønskt effekt for born og unge. Tvert imot viser dei til at born og unge er meir mobile når dei manglar faste sosiale møteplassar, som skule også er.

Helsedirektoratet har utarbeidd ein presentasjon som konkretiserer kva prosedyrar som gjeld ved stenging av barnehagar, skular og andre utdanningsinstitusjonar etter covid-19-forskrifta § 12c. Her blir det skilt mellom stenging av einskilde einingar og generelle stengingsvedtak. Presentasjonen viser til kva moment som er relevante for vurderingane av om det er samhøveleg å stenge. Dette er moment som og vil vere relevante i vurderinga av tiltaksnivå. Vi legg presentasjonen ved referatet.



Eksamens våren 2021

Regjeringa har lagt ut ei pressemelding i dag. Der slår dei fast at avgangselevar i studieførebuande program og påbygg i vidaregående opplæring, kjem opp til eksamen denne våren. Det var lagt ut ei høyring tidlegare i år der framleggget var å utvide eksamen med munnleg praktisk eksamen, men det vart gjennomgående rådd i frå, noko det altså er tatt omsyn til.

Avgjerdene om eksamen våren 2021 er difor:

- Alle skriftlege eksamenar vert avlyst for elevar
- Alle munnleg-praktiske eksamenar for elevar blir avlyst
- Lokal gitt munnleg eksamen for 10. trinn blir gjennomført
- Lokalt gitt munnleg eksamen for vg3 blir gjennomført
- Privatistar og elevar med behov for eksamen for å få vitnemål og fag- og svennebrev skal ha eksamen.
- Elevar med rett til ny, utsett og særskilt eksamen våren 2021 gjennomfører eksamen saman med privatistane.
- Fag- og svenneprøvar blir ikkje avlyste, men gjennomførast etter gjeldande smitteverntiltak.

13. Fast avløysar som fylkesberedskapssjef

Mari Severinsen er fast avløysar («stedfortreder») for fylkesberedskapssjefen, og er såleis stabssjef i kriseorganisasjonen til Statsforvaltaren når Haavard Stensvand ikkje er tilgjengeleg. Mari går no ut i fødselspermisjon og Anne Catherine Fasmer Eide vil fungere for henne i permisjonstida.